



Arkivnr: 2014/10276-3

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## Låneopptak til Stordalstunnelen

### Samandrag

Det vert teke opp eit 3-månaders sertifikatlån på 175 mill. kr til finansiering av bompengeprojektet Stordalstunnelen. Det vert inngått avtale med DNB om rullering av lånet i 2,5 år.

### Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Det vert teke opp eit 3-månaders sertifikatlån på 175 mill. kr til finansiering av bompengeprojektet Stordalstunnelen. Det vert inngått avtale med DNB om rullering av lånet i 2,5 år.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 12.03.2014**

Fylkestinget gjorde i oktober 2013, sak 42/13, slikt vedtak:

«Fylkestinget sluttar seg til det reviderte bompengelopplegget for E134 Stordalstunnelen, slik det er omtala i St.prp. 156S (2012-2103).»

Hordaland fylkeskommune er bompengeselskap for prosjektet.

I budsjettvedtaket godkjende fylkestinget låneopptak på 175 mill. kr.

Arbeidet med tunnelen starta opp mot slutten av 2013. Statens vegvesen har no rekvirert 25 mill. kr til prosjektet, og ein må snarast ta opp lån.

Tidlegare har ein fått svært gode rentevilkår på sertifikatlån. Denne lånetypen gjev full fleksibilitet både med utbetaling av lånet og nedbetaling.

I det siste har ein fått svært gode rentevilkår på sertifikatlån. Renta på slike lån har lege minst 0,5 % under p.t. renta i Kommunalbanken. For nokre sertifikatlån har ein inngått avtale med DNB om at banken fornyar låna ved kvart forfall. Med ei slik ordning er det i praksis liten forskjell på sertifikatlån og langsiktige lån, bortsett frå lågare rente.

Så lenge innskotsrenta er høgare enn lånerenta, er det heller ikkje nødvendig med ei gradvis opptrekking av lånet, i takt med forbruket av midlar til investeringane. Ein kan ta opp heile lånet i starten av byggeperioden og få ein rentegevinst fram til midlane vert nytta.

Fylkesrådmannen går inn for å finansiere dette bompengeprojektet med sertifikatlån. Det vert inngått avtale med DNB om rullering av lånet, i første omgang for ein periode på 2,5 år.

Tunnelen er planlagt ferdigstilt i 2016. På det tidspunktet kan det vere behov for å justere lånebeløpet, anten auke lånet eller starte nedbetaling.